




Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga
Mattijsnet Region Sør og Vest
Kystverket Vest
Fiskeridirektoratet Region Vest

Dato: 25.05.2016
Vår ref.: 2016/5109-5
Sakshandsamar: Endre Korsøen
Telefon: 917 64 632

H-FJ-10 og H-FJ-23 Engesund Fiskeoppdrett AS - Søknad om utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11644 Duesund i Masfjorden kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av søknad motteke 19.05.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11644 Duesund i Masfjorden kommune.

Selskapet søker om løyve til å plassere anlegget lenger mot nordvest, innanfor akvakulturområde i arealplanen. Anlegget vil bestå av 4 stykk firkantbur (40x40 m) på ei rekke, samt ein forflåte som er tenkt plassert i den nordaustre delen av anlegget. Endra utforming og justert plassering medfører at det vert endringar i fortøyingsarrangementet. Samla overflate areal for anlegget vil vera omlag 8 dekar. Kartet under syner omsøkt arealendring for lokalitet 11644 Duesund (lysegrønt areal er akvakulturområde i arealplanen).



Verksemde søker om auka maksimalt tillaten biomasse i anlegget frå 780 tonn til 1560 tonn. Ein auke på 780 tonn.

Miljøtilstand under og i nærsøna til anlegget, har vore målt gjennom MOM-undersøkingar (NS 9410). I alt er det gjennomført 3 MOM B-undersøkingar ved lokaliteten i perioden 2009-2015, og rapportar frå desse undersøkingane syner alle tilstand 1, beste tilstand. Trendanalysane som er gjennomført i driftsfasa tyder på god miljøtilstand i området, og at dagens drift er innanfor miljøet si toleevne.

I kommuneplan for Masfjorden vedteke 31.05.2012 er omsøkt område avsett til akvakultur, og i føresegnene til planen er det høve til å leggje fortøyinger og anker i fleirbruksområde utafor område sett av til akvakultur.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlige verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjøring. Vi minner om at det er fagmyndighetene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlige verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Hordaland fylkeskommune har send søknaden til Masfjorden kommune for uttale, og offentleg ettersyn. Uttale frå kommunen vedlagt eventuelle merknader frå kunngjeringa vil bli ettersend.

Ein ber Dykk handsame/vurdere søknaden frå Engesund Fiskeoppdrett AS etter gjeldande særlover/andre interesser og returnera avgjerda/uttalen til vårt kontor. (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi:
Engesund Fiskeoppdrett AS